

**17. maiprogram tilpassa veret****16.05.2012**

**17. maikomiteen helsar alle velkomne til nasjonaldagen  
Veret er ikkje det beste. Programmet vert uansett gjennomført etter oppsett plan.  
Med eit endra opplegg er ikkje veret eit hinder for å delta.**

Etter gudstenesta, samling ved Bautasteinen og Minnesteinen på Stemnepllassen og folketog er resten av programmet med matservering lagt til skulen og Aktivitetshuset.

Det er lagt ut 120 program. Det som ikkje er seld innan butikkane stengde i kveld, vert lagt ut for sal.  
Ved kjøp av program er du med i trekninga av spekemat.  
Dessutan er nasjonalsongane trykte i programfaldaren.  
Nokre songar vert levert ut på eige ark.

I tida på skulen vert det gjennomført ein 17. mai quiz for heile familien.  
Målet er å auka kunnskapen om kvifor vi høgtidar nasjonaldagen nasjonalt og lokalt.  
Om du berre deltek, er du med i trekninga av lokale bøker.

Talen for dagen skal sei noko landet og sentrale samfunnsverdiar.  
Dessutan skal ein god 17. maitale vera aktuell.  
Difor spør vi: Kva vert det sagt om den sterkt profilerte og synlege bondeaksjonen, tru?.

Vel møtt til ein innhaldsrik nasjonaldag og hugs Flagget !

Programnemnda